



Høyringsuttale til Plan- og utgreiingsprogram for Haugaland Vindkraftverk på Bukkanibbo

Bjoa Bygdeutviklingslag (BBU) (org.nr 982 302 943) er eit frittståande lag med ope medlemskap for alle som bur på Bjoa. Det vart stifta i år 2000 og har etter § 2 i vedtektene følgjande føremål:

«Bjoa Bygdeutviklingslag skal driva framtidsretta bygdeutvikling på Bjoa, med vekt på lønsam næringsutvikling og gode bu- og oppvekstvilkår, herunder skule, for å bidra til at Bjoa skal vera eit levande og attraktivt bygdesamfunn.»

Det planlagde vindkraftverket på Bukkanibbo, Ørnanibbene og Lempedalsnuten (heretter: anlegget) vil innebera eit enormt naturtap for Bjoabygda og vil i tillegg ha store negative konsekvensar for alle som bur i nærleiken av anlegget og alle som brukar naturen i denne stille delen av Vindafjordnaturen. BBU vil difor ikkje kunna støtta ei etablering av vindkraftverk på denne plassen, og vil i denne omgang peika på ei rekke forhold som planarbeidet må gå grundig inn på, slik at alle har eit best mogleg bilete av kostnader og risiko før det blir gjort endeleg vedtak.

BBU er ikkje prinsipielt imot etablering av energiproduksjon frå vind, men ved lokalisering av slike anlegg må ein ta omsyn til konsekvensane det vil påføra nærområdet, dei som bur der og dei som brukar området. Me vil innleiingsvis også understreka at utbyggjaren må sikra full kompensasjon for dei skader og ulemper som anlegget vil påføra alle skadelidande. Me veit at grunneigarane som blir direkte berørt av anlegget, vil bli kompensert, men det er ei stor gruppe av andre personar og organisasjonar som også blir direkte berørt av anlegget. BBU kan representera desse, og me meiner at kompensasjon for skader og ulemper for denne gruppa også må reknast med i kostnadane for anlegget.

Me vil nedanfor peika på openberre negative konsekvensar anlegget vil påføra naturen og bruken av området. Mange er kjente og andre er lite kartlagt. Me vil be om at ein i planarbeidet kartlegg alle mogeleg negative konsekvensar ved anlegget.

1. Dramatisk visuell forureining

Eit utbygging som skissert av Haugaland Vindkraftverk på Bukkanibbo, Ørnanibbene og Lempedalsnuten vil bety eit enormt naturtap, langt utover grunnen anlegget er tenkt plassert på. Med ei høgde på ca. 220 m vil anlegget ruva over Gråhorgjo, som er det høgste fjellet på Bjoahalvøya. Det betyr at anlegget vil vera eit sjokkerande synleg inngrep, noko som vil forandra utsikta og horisonten for svært mange. For mange vil nærområdet og det visuelle lokalmiljøet bli endra frå dagens urørte idyll til å bli eit landskap dominert av industrielle byggverk av enorme dimensjonar. Planen må klargjera kor mange fastbuande som vil kunna sjå anlegget, og kor mange av desse som vil få utsikta til det over 200 m høge vindkraftverket midt i synsfeltet frå husa sine. Den same kartlegginga må gjerast for alle dagens turveggar på



Bjoahalvøya. Planen må også vurdere storleiken på kompensasjon for naturtapet og den visuelle forureininga, slik at utbyggjar får eit klårt bilete av kor store kompensasjonar dei må rekna inn i prosjektkostnaden.

2. Helsefarleg støy og solklipping – varig reduksjon av eigedomsverdiane

Anlegget vil liggja svært nært fast busetnad og er slik plassert at det vil trona i horisonten for mange fastbuande på Bjoa. NVE tilrår at avstanden frå eit 220 m høgt vindkraftverk til fast busetnad må vera på minst 900 – 1000 m. I Bayern (Tyskland) har dei lang erfaring med vindkraftverk, og der er grensa for nye anlegg 10 gonger høgda på vindmølla, noko som i dette tilfelle tilseier ein avstand på over 2 km til næraste busetnad. Fleire av tuna på Bjoa ligg tett på minstegrensa på 1 km, og langt fleire ligg innanfor den grensa ein i Tyskland antar kan gi helsefarleg støy frå vindmøller. Frå nyare norske vindkraftverk kjem det stadig nye rapportar om alvorlege helseplager som følgje av støy, heilt inntil 2 km frå næraste vindmølle. Helseplager frå låge frekvensar og såkalla reintone-støy er i tillegg lite kartlagt. Risikoen for helsefarleg og erstatningspliktig støy må vega så tungt at ein i planarbeidet forutset at vindmøller berre kan plasserast lengre enn 2 km frå fast busetnad.

Erfaringar frå andre «horisont-vindkraftverk» tilseier at anlegget vil få store negative konsekvensar knytt til støy for fastbuande langt utover den første kilometeren, særleg for dei som bur i vindskuggen – slik det er tilfelle for mange tun. I planarbeidet må det gjerast nøyaktige vurderingar av ulemper i form av støy og solklipping for alle som bur ovanfor Leite på Bjoa. I desse vurderingane må det også vurderast korleis slike ulemper skal kompensast, og kor stor påreknaleg varig verdireduksjon desse eigedommane kan få. Slike vurderingar vil vera til hjelp ved fastsetjing av erstatningar frå utbyggjar til alle som får ulemper frå anlegget, og dette må difor inn i prosjektkostnaden.

3. Varig tap av friluftstilbod

Anlegget vil skamfara det lågterskel friluftstilbodet som er opparbeidd med universell tilgong til Vadhytta (dagsturhytte) ved Svorindsvad og overnattingshytta på Vikestølen, som ligg i dalføret vest for Bukkanibbo. Mesteparten av turvegen frå parkeringsplassen ved Gautehilderen til Vadhytta og heile Vikestølsvegen vil liggja nærare enn 1 km frå anlegget. Dagsturhytta vil liggja godt under 1 km frå anlegget og Vikestølsvegen så vidt over 1 km-grensa. Dagsturhytta er eit samarbeid mellom kommunen, Vindafjord Turlag og Grendelaga i Ølensvåg og Bjoa. Både turvegen og dagsturhytta blir svært mykje brukte, heile året. Målingar som er gjort ved Vadhytta, viser at talet på brukarar har vore fleire tusen kvart år. Frå Vadhytta går turfolk vidare på merka stiar i nærområdet, bl.a. opp til Bukkanibbo. Vikestølshytta er eit samarbeid mellom idrettslaga på Bjoa og Vikebygd og det årlege Vikestølsmøtet. Vikestølsmøtet har vore arrangert årvisst sidan år 1900, så det kan trygt seiast at det er eit historisk sus over det arrangementet.

Viss vindkraftanlegget blir realisert, vil det bli eit anna sus – nemleg støyen frå vindmøllene på Bukkanibbo. Veldehytta nærare Vats, vil også liggja mindre enn 2 km frå anlegget.

Det seier seg sjølv at naturopplevinga både i Ølsdalen og Vikedalen vil bli dramatisk endra frå dagens stille naturtilstand til eit landskap dominert av 220 m høge vindmøller som vil sveva som industrielle propellar over begge dalføra. I dag er dette området populære turmål for stille opplevingar i naturen heile året. Dette vil gå heilt tapt ved anlegg av vindkraftverket. Planarbeidet må vurdera dei formidable negative konsekvensane anlegget vil ha på turbruken og kvaliteten av friluftsupplevinga i heile området. For Vadhytta må det sjølvstøtt vurderast avbøtande tiltak, herunder evt. flytting til annan plass i kommunen. For Vikestølshytta, som er ei overnattingshytte, må ombygging eller andre tiltak vurderast. Generelt må planen vurdera omfanget av erstatningar for investeringar som er nedlagt i tilbod som går tapt eller blir dramatisk forringa. Erstatningar for tapet av naturtilbod gjeld også andre opparbeidde turveggar og alle andre, enklare tilretteleggingar av friluftstilbod, dvs. merke og rydda turstiar i heile Bjoadalen. All friluftsbuk i Bjoadalen vil bli påverka negativt og kvalitetsmessig forringa av eit vindkraftanlegg på Bukkanibbo!

4. Alvorleg skaderisiko for totalfreda fuglar

Anlegget har ei plassering som utan tvil vil ha store negative konsekvensar for fuglelivet. Gåsetrekket kvar vår og haust går rett over Bjoadalen, på skrå mellom Gråhorgjo og Skrefjellet, dvs. over det planlagde plasseringa av vindmøllene. Me som har budd ein mannsalder i området, ser gåsetrekka der kvart år. Nokre gonger går trekket høgare enn Gråhorgjo (meir enn 800 moh), mange gonger går det lågare – særleg om hausten med lågt skydekke. Dette vart observert og dokumentert seinast 6. aug. 2026 kl. 11:40 då ein stor flokk gåsefuglar flaug i formasjon på skrå over Bjoadalen i om lag 650 meters høgde (langt under toppen på Gråhorgjo) og kryssa rett over Lempedalsnuten og Bukkanibbo. Med vindmøller som ragar over 800 moh på det høgste, er det heilt sikkert at det vil bli mange kollisjonar med trekkjande gåsefugl.

Planarbeidet må kartleggja denne risikoen og vurdera avbøtande tiltak, t.d. stans av vindmølle drifta i trekketida vår og haust.

Frå fjellfoten av Bukkanibbo / Ørnenibbene / Lempedalsnuten og høgt til vêts blir oppstigande luftstraumar skapte som eit naturleg resultat av vindretning og naturformasjonane. Vinddrag frå vest og sør skaper perfekte sveveforhold for totalfreda rovfugl, særleg kongeørn og havørn. På dagar med gode vindforhold er det heilt vanleg å sjå svevande ørn over dette fjellpartiet, mest av kongeørn, men også av hønsehauk og musvåk. Svevehøgda for desse vil variera, men sidan me har Gråhorgjo som nærliggjande målestokk, kan me ut frå tallause observasjonar slå fast at svevehøgda normalt vil liggja innanfor arbeidsområdet for vindmøllene. Planarbeidet må kartleggja denne openberre

risikoen, negative konsekvensar og evt. avbøtande tiltak som driftsstans på dagar med typisk gode sveveforhold.

Ørnenibbene ligg midt i anleggsområdet, og dei har ikkje fått namnet sitt utan grunn. Det har vore hekking av kongeørn der så seint som på 1980-talet, men etter den store nedgangen i ørnebestanden fram til den tid, er det ikkje sett aktiv hekking der nå, men ein god hekkeplass vil heilt sikkert gå tapt ved anlegg av vindkraftverket. Hønsehauken har årviss hekking i Bjoadalen, og musvåken er heller ikkje sjeldan å sjå. Alle desse rovfuglane er sårbare. Dei er ikkje så mange på tal kvar, og eit vindkraftverk på Bukkanibbo kan vera katastrofalt for populasjonen av desse fuglane ikkje berre i Bjoadalen, men på heile Bjoahalvøya. Planarbeidet må også kartleggja konsekvensane for orrfuglen i området. Det er fleire speleplasser for orrfugl i Ølsdalen, også ein som ligg innanfor eller nær sjølv anleggsområdet. Planarbeidet må vurdere risikoen for øydelegging av speleplassen og avbøtande tiltak for å hindra at denne truga skogsfuglen får nye negative utfordringar.

5. Fare for alvorleg forureining av terreng og vassdrag

Anlegget er planlagt lokalisert i terreng som har avrenning til Ølselva og Vikeelva. Desse elvane renn saman til Dalselva lenger nede i Bjoadalen. Fleire av dei fastbuande og gardsbruka langs Dalselva nyttar elva som vasskjelde, både til folk og dyr. Forureining frå anlegget kan difor ha alvorlege konsekvensar for vassforsyninga i bygda. Ei vindmølle på over 200 m vil normalt ha minst 1500 l giftig olje og 500 l kjølevæske. Lekkasjar av olje og kjølevæske frå vindkraftverk er ikkje uvanleg, og innvendige lekkasjar skal normalt bli fanga opp av innvendige system. Men det har vist seg at lekkasjar i tårnet også blir spreidd utover av mølleblada eller av vinden. I fleire tilfelle er det målt oljeforureining så langt som over 100 m frå vindmølla. Særleg oljeforureining utgjer ein stor fare for skade på miljøet, og ikkje minst for drikkevatnet. I planarbeidet må denne risikoen vurderast og anlegget må planleggast med dreneringssystem som sikrar at alt avrenning og drensvatn frå anleggsområdet i ein avstand på minimum 100 m frå vindkraftverka blir samla opp, prøvetatt og reinsa før det blir slept ut i vassdraga i dalen. Det må vera heilt klart at utbyggjar sit med eit stort erstatningsansvar viss det i ettertid viser seg at vatnet i Dalselva blir så forureina av utslepp frå vindkraftverket at det blir ueigna som drikkevasskjelde. Det vil vera i utbyggjar si interesse å kartleggja miljøtilstanden i Dalselva som ein del av planarbeidet, bl.a. ved kartlegging av miljøgifter m.m. i dagens populasjon av elvemuslingar og aure.

Ei anna form frå forureining er mikroplast som blir slynga ut i naturen frå vindmølleblada, etter kvart som vind, frost og nedbør påfører dei slitasje. Mengda av farleg mikroplast frå vindkraftverk utgjer berre ein liten del av dei årlege nasjonale utsleppa, men det vil utgjera eit stort og nytt utslepp lokalt. Ut frå eit føre – var - prinsipp, må all ny tilføring av mikroplast til naturen minimerast. I Danmark har nyare forsking tatt til orde for at vindmøllene bør

stansast når det er varsla sterk nedbør, då det viser seg at kraftig regn aukar slitastjen, og dermed tapet av mikropplast frå vindmølleblada. Her på vestkysten har me langt meir nedbør, også av striregn, enn det dei har i Danmark, så planarbeidet må vurderer kor mange timar med driftsstans som er rimeleg viss vindmøllene skal stansast ved kraftig nedbør.

6. Planteliv

Anlegget og anleggsveiene vil bety store fysiske inngrep i marka. Frå naturen si side er området ikkje særleg artsrikt, men det er fleire interessante tilfelle av ombrogene myrar innanfor anleggsområdet. Dette er myrar som berre får vatn frå nedbør, og planarbeidet må kartleggja planter og mosar på desse, og vurderer om det må takast særlege omsyn til desse ved plassering av vegar og vindmøller.

7. Dyreliv

Anlegget vil truga ein forekomst av salamander som er påvist i ei av tjørnane mellom Bukkanibbo og Lempedalsnuten. Salamander er ein truga dyreart, og planen må kartleggja utbreiinga som er i området, negative konsekvensar for levevilkåra for salamanderen og foreslå avbøtande tiltak.

8. Ising og iskast

Dei oppstigande luftstraumane frå dei lågareliggjande dalføra Vikedalen og Ølsdalen (også omtala i punkt 4), vil innebera stor risiko for ising på vindmølleblada når fuktig luft *over* frysepunktet frå dalføra blir pressa opp fjellsida og vil møte vindmølleblada som arbeider i luft *under* frysepunktet. Det er allment kjent at det same vil skje under vanlege vêrforhold når temperatur, nedbør og vind til saman fører til ising på vindmølleblada. Dette vil normalt skje mange gonger i vinterhalvåret (frå november til mars), og det vil utvilsamt føra til iskast og driftsvanskar. Sikkerhetsavstanden for iskast er mindre enn for helsefarleg støy, men vil likevel gjera etablerte stiar og turområde søraust for Vadhytta farlege å bruka i deler av året. Tilsvarande gjeld dalsida vest for Bukkanibbo, der det vil vera næringsaktivitet i form av skogsdrift. Planen må vurderer risikoen for ising og kor mange dagar i året det - ved visse vêrforhold - må påreknast stans i drifta av vindmøllene som avbøtande tiltak. Planen må visa kva dette kan få og seia for driftsøkonomien i prosjektet og for ferdsele i området.

Me har ovanfor peika på ein del av dei konsekvensane me kan sjå ved etablering av Haugaland Vindkraftverk. Me forventar at planarbeidet tek oppgåvene med kartlegging av desse og andre konsekvensar av ei evt. vindkraftetablering alvorleg, og at planen legg til rette for ei kunnskapsbasert avgjerd for alle parter. BBU reknar med at våre synspunkt også kan vera gjeldande for bygda Ølensvåg og andre nabobygder, men uttalen vår er gjort ut frå vurderingar på Bjoa.



BBU vil avslutningsvis understreka det alvorlege trugsmålet dette anlegget vil utgjera for det gode livet i bygda, og me vil på det sterkaste rå ifrå at det blir etablert eit vindkraftverk på Bukkanibbo.

Vedtatt i styremøte den 17. august 2026

Med helsing

Aleksander Teimann Bjørnø

Leiar i Bjoa Bygdeutviklingslag